Innspel til stortingsmeldinga om laks, sjøaure og sjørøye

Anadrom laksefisk har sterkt vern i lover og forskrifter.
Nasjonale laksevassdrag og laksefjordar er, i tillegg, ei ordning oppretta av Stortinget, for å gje våre viktigaste laksestammer eit særskilt vern mot skadelege inngrep og forureining.
Me, inkludert politikarane våre og forvaltninga, utvatner effektivt dette vernet.
Eit fragmentert politisk ansvar gjer heller ikkje livet enklare for laksen.

Korleis har det seg at den anadrome laksefisken, og fisket etter desse artane, er sterkt truga?
Me kan sjølvsagt alle peika på klimaendringane, men:
* den første store smellen for desse artane kom frå kraftutbygging og kraftproduksjon
* deretter fiska me for hardt i sjø og i elv
* så slapp me oppdrettsnæringa laus
* og nå peikar politiske føringar på at me må forenkla og standardisera vedtaksprosessar og konsesjonsvilkår
* og ikkje nok med det, leiande politikarar krev at me skal byggja ut verna vassdrag og leggja til rette for marknadstilpassa effektkjøring av kraftverka våre

Inntekter og utbytte vinn, miljøet, fisken og fisket tapar

Me må, politisk og forvaltningsmessig, setja sterkare fokus på vilkåra for utbygging og drift av nye og reviderte kraftkonsesjoner, særleg i vassdrag med anadrom laksefisk.
Utbygging og manøvrering av anlegga må tilpassas slik at moglege negative effektar på elvemiljøet, akvatiske artar av alle slag, særleg den anadrome laksefisken, vert så små som mogleg.
Konsesjonsvilkåra må målas og kontrollerast, i sanntid, med offentleg innsyn.

Me må krevja fri vandring for fisken i fjordane våre og i heile elvestrengen.
* Vilkåra må tydeleg definera tilstrekkeleg og ***sesongtilpassa minstevassføring***
* Temperaturen i elvevatnet er kritisk for alle akvatiske artar, også dei som utgjer næringsgrunnlaget for yngel og smolt
* Temperaturen på elvevatnet er ein kritisk faktor, også for oppvandrande fisk og for verdien av fiskeriet

Den tekniske utforminga, utbyggingsarbeidet og manøvreringa må omsynta desse faktorane.
Iskaldt botnvatn frå magasin og tunellar kan ikkje få lov til å utgjera majoriteten av elvevatnet.
Avrenning frå byggearbeid må effektivt stansast

KAN VILKÅRSREVISJONEN BLI EIT POSITIVT VENDEPUNKT FOR LAKS OG SJØAURE I LÆRDALSELVA?

Dette tiåret pågår det revisjon av fleire kraftkonsesjoner. Samstundes vert det planlagt vesentlege utvidingar og nye anlegg.
Det er freistande å kommentera fleire av desse prosessane, men den pågåande vilkårsrevisjonen i Lærdalsvassdraget rører ved dei fleste kritiske faktorene for anadrom laksefisk, så eg vel å nytta denne som eksempel:
* Lærdalselva er kanskje vår mest kjende og ikoniske fiskeelv, med stor laks og stor sjøaure.
* Den har hatt og vore handsama for Gyrodaktelus Salaris i to omganger. Spreiinga av denne dødelig parasitten var forårsaka av dårleg statleg styring av aktivitetar relatert til lakseoppdrett.
* Lærdalselva er stengt for laksefiske og har vore det dei siste 6 åra.
* Det har vore svært mange, godt dokumenterte brot på konsesjonsvilkåra, over fleire tiår
* Måling og kontroll med vassføringa er ikkje i tråd med vilkåra i konsesjonen
* Elva har 4 fisketrapper. Dei tre nederste trappene har i lange periodar vore utan tilstrekkeleg monitorering. Den fjerde er stengt.

Regulanten har nå utarbeid eit revisjonsdokument som de-facto fjernar forutsetningane som ligg til grunn for dagens konsesjon, dvs:
* Utbygging og manøvrering av kraftanlegget skal ha minimal påverknad på fiskens og fiskets verdi!
* Om likevel vesentleg negativ påverknad oppstår, skal kraftproduksjonen vika!

Regulanten er verkar vera positiv til relativt rimelege fysiske habitattiltak, men freistar aktivt å unngå vilkår som kan påverka manøvreringsrom og inntektsstraum.
Miljødirektoratet spelar ei aktiv rolle i revisjonsarbeidet. Dei har endatil utarbeid eit nytt pålegg til regulanten. Dette pålegget omsyntar i liten grad ein omfattande forskningsrapport MD sjølv har fått utarbeid.
Pålegget frå MD til regulanten stenger elveeigarlaget ute frå praktisk forvaltningsarbeid, som dej har hatt ansvaret for gjennom 50 år, og overlet dette til regulanten. Forstå det den som kan.
Elveeigarane sitt engasjement for elva og fisken er avgjerande for at me skal lukkast med å berga og byggja opp at fiskestammene våre.
Det synes som MD har god dialog med regulanten, men har liten eller ingen dialog med elveeigarane i Lærdal.

NVE si nettside for vilkårsrevisjonen i Lærdalsvassdraget inneheld omfattande dokumentasjon på korleis kraftutbygging og manøvrering påverkar miljøet generelt og anadrom laksefisk spesielt.
Eg oppfordrar alle, som er interesserte, og/eller aktivt engasjerte i arbeidet med stortingsmeldinga, å setja seg grundig inn i dokumentasjonen i denne vilkårsrevisjonen. Den har potensiale til å
visa veg opp og fram for laksefisken, samstundes som den kan “SLÅ VATNET UNNA” ei av verdas mest verdifulle og ikoniske lakse- og sjøaurestammer.
NVE avgjer kursen og politikarane våre må stå opp for verdien av fisken og fisket, og ikkje minst, for vedtekne lover, forskrifter, ordninger og festtalar.